

## SLUTTRAPPORT

Arbeidet med å rydda skogen starta i oktober 2019, og heldt fram i periodar til våren 2020. Me nytta hovudsakleg motorsag i arbeidet. Det meste av grovare virke vart nytta til ved og greiner og ris vart lagt i haugar rundt i området (sjå bilete). Me sette att ei «stripe» med tre tettast inntil E39 for å ta dette seinare når varsling og løyve hjå Statens Vegvesen var innhenta, men denne «stripa» vart brått felt og flisa opp av entreprenør på Vegvesenets eige initiativ utan at me var innblanda. Entreprenøren sitt ryddearbeid fortsette vidare på, og forbi, det området som me hadde søkt midlar til utsiktsrydding for, slik at det er berre ca 5,2 dekar av dei 16 dekar i søknaden me har rydda for skog (sjå kart)

Arbeidet vårt gjekk føre seg i bratt og nesten utilgjengeleg terreng, med til dels lause steinfyllingar, slik at det vart litt tidkrevjande å få samla virket på tilgjengelege plassar, men me klarte oss utan uhell eller skadar.

Utsikta frå E39 er no blitt mykje betre, og ein ser fjorden frå vegen der det før berre var tett kratt. Området har også fått mykje meir lys, og er blitt brukbart utmarksbeite for sauene mine. Utsiktsryddinga hadde også sin pris i form av meir trafikkstøy på garden min som ligg nedfor E39, men alt i alt er eg fornøgd med å få opna opp landskapet. Me sette også att enkelte fine tre for at ikkje terrenget skulle bli heilt nakent.

Ostereidet 1/10-2022

Jahn Tommy Midtgård



Oversiktsbilder over området som er rydda.





Greiner og ris som er lagra i terrenget.





Arealet, etter beste evne. Ca 5,2 dekar.

11.10.2022, 17:26

Kommunekart



## PROSJEKTRKESKAP

Arbeid med motorsag	92 timar x 350 kr/time	=	32.200 kr
Rydding	19 timar x 300 kr/time	=	5.700 kr
Traktor m/vinsj /kran	13 timar x 500 kr/time	=	6.500 kr
<u>Totalt</u>		=	<u>44.400 kr</u>

Kontonummer 9710.42.41364

Ostereidet 1/10-2022

Jahn Tommy Midtgård